

Fra: Roar Sandnes [Roar.Sandnes@leikanger.kommune.no]
Sendt: 14. februar 2011 15:19
Til: Postmottak KD
Emne: høyringsuttale "Kulturskoleløftet - kulturskole for alle"

Rapporten "Kulturskoleløftet - kulturskole for alle" er ein grundig rapport som beskriv svært mange sider ved kvardagen i norske kulturskular. Rapporten ser også, mellom anna, på utfordringar og moglegheiter ved auka samarbeid mellom kulturskule, grunnskule og SFO.

Eg har valt ut nokre punkt i rapporten som eg føler er spesielt relevant sett frå vår ståstad og kvardag. Kulturskulen i Sogn er ein mellomstor interkommunal kulturskule for kommunane Luster, Sogndal og Leikanger i Sogn og Fjordane. Me har omlag 450 elevar, og samarbeider med skule, SFO og det frivillige kulturlivet i våre tre kommunar i varierende grad. Me har også ei distriktsmusikargruppe som gjer at me samarbeider mykje med Fylkeskommunen og Den Kulturelle Skulesekken.

Kulturskulen vår har hatt eit godt og problemfritt samarbeid med SFO i dei fleste skulekrinsane våre. Samarbeidet går på at kulturskulen får henta ut elevar i SFO-tida i forståing med SFO sine egne opplegg. Me har lite erfaring med direkte samarbeid institusjonane mellom, men det er teke politiske initiativ for å få til dette i Sogndal kommune. Me er positive til at me når ein større del av elevane i småskulen gjennom eit meir systematisk samarbeid med SFO, men er opptekne av at kulturskulen må behalda sin eigenart i prosessen.

I kulturskulane opplever me eit aukande problem med å organisera undervisninga i elevane sin travle kvardag. Det er difor frustrerende at det er så vanskeleg å få til samarbeid med grunnskulen som går på både skule og kulturskulen sine premisser. Trass i positive rektorar og lærarar strandar slikt samarbeid ofte på elevpengane i kulturskulen, og at skulane kun har minstetimetallet. Me vil difor slutta oss heilhjarta til avsnittet i kap 6.3:

"Utvalget vil derfor foreslå at modellene, der kulturskolelever, enkeltvis eller i smågrupper, tas ut fra ordinær grunnskoleundervisning, utvikles vidare, og at det gjøres de nødvendige endringene i Opplæringsloven for å løse denne utfordringen enda smidigere."

Rapporten nemner fleire stadar ein makspris på elevplass på kr. 2000,- som definisjon på " rimeleg pris". Då dei aller fleste kulturskular i landet ligg langt over dette, virkar det noko merkeleg at dette skal vera utgangspunktet for pristak i 2011. Det er også litt rart at ein definerer ein kronenum i ei forskrift som ein må rekna med står nokre år. Dersom ikkje maksprisen er knytt opp mot ein storleik som endrar seg over tid (G), vil forholdet mellom elevbetaling, statleg- og kommunal del bli skeivare og skeivare ettersom tida går.

"Kulturskole for alle" er ein fin visjon, som vert utfordrande å finansiera. Me vonar ansvarlege myndigheiter finn gode løysingar på dette, som ikkje går på bekostning av tilbodet til vidarekomne elevar i kulturskulane landet over.

Helsing

Roar Sandnes

Rektor, Kulturskulen i Sogn

Skrivarvegen 7, 6863 LEIKANGER

<http://www.kulturskulenisogn.no/>

<http://www.facebook.com/#!/pages/Kulturskulen-i-Sogn/115150042401?ref=ts>

tlf: 5765 5633 / 918 48 373